

Sak til samarbeidsutvalet

Går til:	Medlemmene i samarbeidsutvalet
Utval:	Samarbeidsutvalet for Nordhordland
Dato:	19.februar 2020
Saksbehandlar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saken gjeld:	Evaluering av Toppleiarmøte 2020
Saksnummer:	09/20

Årleg Toppleiarmøte i Helse Bergen føretaksområde er eit møte mellom politisk og administrativ toppleiring i kommunane samt administrerande direktørar og styreleiar frå partane i spesialisthelsetenesta. Brukarutvala ved sjukehusa er og representert i dette forumet. Føremålet er å sikra forankring og etterleving av samhandlingsavtalane. Toppleiarmøtet vert arrangert anna kvart år av spesialisthelsetenesta og anna kvart år av kommunane.

Toppleiarmøte 2020 vart gjennomført den 16. januar på Haukeland universitetssjukehus, Bikuben. Helse Bergen HF var i år ansvarleg arrangør. Administrativt kontaktmøte (AK) har vore programkomité.

Det har kome positive tilbakemeldingar samt innspel til kva som kunne vore annleis både med omsyn til innhald og praktisk gjennomføring av årets Toppleiarmøte.

For at Toppleiarmøta og framover skal vera ein viktig møtestad er det viktig å få tilbakemeldingar. SSE ber samarbeidsutvala om tilbakemeldingar på innhald og gjennomføring av årets Toppleiarmøte.

Ber om at SU representantane høyre med andre i sin organisasjon som deltok på toppleiarmøtet, kva tilbakemeldingar dei har (rådmenn, ordførarar, byråd og kommunalråd, direktør og styreleiarar i helseføretaka, private og ideelle organisasjoner i samarbeidsstrukturen samt leiar av brukarutvala ved HDS og HUS).

Arrangør og programkomité ønskjer tilbakemeldingar på:

1. Innspel til programmet
 - a. var temaa aktuelle?
 - b. var det noko du sakna?
2. Har du innspel til gjennomføring av dagen?
 - a. disponering av tid (pausar – innlegg)
 - b. forma på toppleiarmøtet?
3. Har du innspel og idear til komande toppleiarmøter?
4. Neste Toppleiarmøte skal arrangerast av kommunane i eit av dei fire utvalsområda; er det nokon som ønskjer å vera vertsskap?
5. Kva forventningar har du til innhaldet i eit toppleiarmøtet?
6. Andre tilbakemeldingar?